

Tilsette ved Universitetet i Bergen kan få kjøpe rabatterte billettar til fredag 24. mai og tysdag 28. mai kl. 19.00 i Logen. Billettpris kun kr. 270 (ord. kr. 420).



Den stolte sauebonden Bjarne sitt liv går mot slutten. Men før han kan legge ut på den siste ferda må han gå i møte med seg sjølv, dei vala han gjorde, det livet han levde og det livet han ikkje torde leve. Det blir ei saftig forteljing om kjærleik og livskamp, erotiske minner, blanda med soger om gløymde lik, lågføtte verar og dagen då Farmall-traktoren kom.

Den islandske suksessromanen «Svar på brev frå Helga» av bergensbusette Bergsveinn Birgisson er omsett til fleire språk og nominert til Nordisk råds litteraturpris i 2012. No blir den teaterframrysning på Hordaland Teater med Helge Jordal og Ragnhild Gudbrandsen. Det er det all grunn til å sjå fram til!

Dramatisering og regi: **Stig Amdam**.
Scenografi og kostyme: **Åse Hegrenes**
Med: **Helge Jordal** og **Ragnhild Gudbrandsen**

Billettar kan du kjøpe her:

24. mai <https://hordalandteater.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?kassierer=webspes&event=228>

28. mai <https://hordalandteater.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?kassierer=webspes&event=231>



Du kan også sende ein epost til
publikum@hordalandteater.no